

BACHELOROPPGÅVE

«Du får ikkje leike med oss»

– Ei bacheloroppgåva om mobbing blant barn i barnehagen

av

Kandidatnummer: 18

Ingvild Kjosaas Leknes

«You do not get to play with us»

– A bachelor thesis about bullying among children in kindergarten

Førskulelærerutdanning

SF3-312

Mai 2014



Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage «Du får ikkje leike med oss» dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer 18, Ingvild Kjosaa Leknes

JA NEI

Innhald

1.0.	Innleiing	1
2.0.	Teori.....	1
2.1.	Kva er mobbing?.....	1
2.2.	Kan aggressivitet vere grunn til at barn mobbar?	2
2.3.	Førebygging i barnehagen	3
2.3.1.	Sosial kompetanse, leik og vennskap	4
2.3.2.	Vaksenrolla	5
2.3.3.	Samarbeid barnehage-heim	6
3.0.	Metode	7
3.1.	Intensivt og kvalitativt design.....	7
3.2.	Val av informantar og datainnsamlinga	8
3.3.	Behandling og analyse	8
3.4.	Feilkjelder, validitet og reliabilitet.....	9
3.4.1.	Pilotstudie.....	10
3.4.2.	Bandopptakar	10
3.5.	Etiske omsyn	10
4.0.	Empiri.....	10
4.1.	Kva legg pedagogiske leiarar i mobbing blant barn i barnehagen?.....	11
4.2.	Kvifor mobbar barna?.....	11
4.3.	Førebygging	12
4.3.1.	Sosial kompetanse	12
4.3.2.	Vaksenrolla	12
4.3.3.	Samarbeid barnehage-heim	13
5.0.	Drøfting.....	14
5.1.	Kva er mobbing i blant barn i barnehagen?	14
5.2.	Kvifor mobbar barna?.....	15
5.3.	Førebygging	17
5.3.1.	Sosial kompetanse og vennskap.....	17
5.3.2.	Vaksenrolla	18
5.3.3.	Samarbeid barnehage-heim	19
6.0.	Avslutning/oppsummering.....	20
	Litteraturliste.....	22
	Vedlegg.....	23

1.0. Innleiing

Mobbing har vore eit omgrep som eg har kjent til store delar av livet. Då det blei tatt opp i undervisning i haust, vekka det interessa mi fordi eg oppdaga kor alvorleg mobbing er og kor lite eg faktisk veit om fenomenet. Eg var vikar i ein barnehage nokre dagar i etterkant av denne undervisninga, og der såg eg hendingar som for meg kunne ha vore mobbing blant barna. Ut frå desse opplevingane, fekk eg lyst å utforske fenomenet vidare. Dermed blei det naturleg for meg å velje «mobbing i barnehagen» som tema i mi bacheloroppgåve.

I følgje rammeplanen (2011) skal det ikkje vere rom for diskriminering eller krenkande ord og handlingar i barnehagen si verksemd, og av respekt for både fellesskapet og det enkelte individ må dette atterspeglast i det daglege arbeidet i barnehagen. Barnehagen skal fremje positive handlingar som motverke avvising, mobbing og vald (Kunnskapsdepartementet, 2011). Med utgangspunkt i dette har eg denne problemstillinga:

«Kva legg pedagogiske leiarar i mobbing blant barn, og korleis arbeider dei vaksne i barnehagen med å førebygge det?»

Det er lite forskning på tema mobbing i barnehagen (Vlachou, Andreou, Botsoglou & Didaskalou, 2011), men det er likevel eit stort tema. Med tanke på omfanget av oppgåva, må eg dermed avgrense for å kunne belyse utvalte delar godt nok. I denne oppgåva vil eg gå inn på teoriar om kva mobbing er og om aggresjon kan vere grunn til at barn mobbar. Eg vil også ta føre meg teori på ulike tiltak for å førebygge mobbing i barnehagen, då gjennom å styrke utviklinga av sosial kompetanse og venskap, om vaksenrolla og om samarbeid barnehage-heim. Sosial kompetanse er også eit breitt omgrep. Av den grunn vel eg å hovudsakleg fokusere på førebygging gjennom aukiing av sosial kompetanse i generell forstand, samtidig som eg vil gå nærmare inn på arbeid med empati som er ein viktig del av den sosiale kompetansen. Vidare vil eg presentere empirien som belyser problemstillinga, og drøfte dette opp mot teoriane. Avslutningsvis vil eg oppsummere, samt ta for meg tankar rundt kva eg ville gjort vidare med oppgåva om omfanget var større.

2.0. Teori

2.1. Kva er mobbing?

Mobbing er eit velbrukt omgrep i vår daglegtale (Sandsleth, 2007). Av den grunn er mobbing eit fenomen som vert nytta på mange måtar og i ulike samanhengar. Difor er det viktig at betydinga av mobbing vert meir tydeleg og konkret (Sandsleth, 2007). Ein mogleg definisjon kan vere; «En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer» (Olweus, 1992, s. 17). Her legg Olweus (1992) fram at mobbing ikkje gjeld

enkeltilfelle, då det må skje gjentekne gongar for å passe inn under definisjonen. Erling Roland (2007) støttar dette og seier at omgrepet mobbing skal reserverast for systematisk plaging, men at ein likevel ikkje skal oversjå enkeltepisodar. Han definerer mobbing som fysiske eller sosiale negative handlingar, som utførast gjentekne gongar over tid av ein eller fleire, og som rettast mot ein som ikkje kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen. Han legg til i sin definisjon at det er ubalanse i styrkeforholdet då mobbeofferet er ikkje i stand til å forsvare seg, og at mobbing er å utøve makt (Roland, 2007). Høiby og Trolle (2012) seier mobbing er eit overgrep fordi den eller dei som mobbar, har makta, og den som blir mobba er nærmast makteslaus. Dermed vert det eit asymmetrisk maktforhold mellom partane (Høiby og Trolle, 2012).

Sandsleth og Foldvik (2000) utdjuvar i sin definisjon ulike handlingar som over tid kan vere mobbeåtferd. Her nemnast eksempelvis erting, utfrysing, isolering, baksnakking og ulike typar fysiske angrep (i Sandsleth, 2007). Vidare legg dei til at handlingar som gjentar seg som kjennast ekkelt, sårande eller krenkande for den som blir utsatt for det, også kan betegnast som mobbing. Dette er ei meir romsleg forklaring på kva mobbing kan vere, då opplevinga til enkeltindividet kan vere subjektiv. Ein må akseptere at barn er ulike på mange områder, og kan ha ulik tolegrense for mobbing og plaging (Sandsleth, 2007).

Det har vore usikkerheit rundt om barn i barnehagealder kan utsette andre jamaldra barn for systematisk mobbing, og det er lite forskning på dette i barnehagealder samanlikna med skulebarn (Vlachou, Andreou, Botsoglou & Didaskalou, 2011). Ei nyleg omfattande metanalyse av Vlachou og kollega (2011) syner at det finnast både direkte og indirekte mobbing blant barnehagebarn. Dette viser at barn i barnehagealder kan, blant anna, bruke stygge ord om og til kvarandre, bruke fysisk vold og sosialt ekskludere andre barn (Vlachou, m. fl., 2011).

2.2. Kan aggressivitet vere grunn til at barn mobbar?

Til tross for kva ein kanskje forventar, så har ein ikkje greidd å vise til spesifikke felles ytre faktorar for barn som utøver mobbing, og dei er normalt utvikla på dei fleste områder (Olweus 1992; Roland, 2007). At mobbeutøvarer er engsteleg og usikker har dermed vist seg å vere ein myte. På den andre sida er det studiar som indikerer at barn som utøver mobbing har ein større grad av aggressivitet enn det som er normalt for alderen (Olweus, 1992). Omgrepet aggresjon har ein viktig dimensjon og seier noko om intensjonen bak handlinga (Neergard, 2011). Aggresjon kan definerast som fysisk eller verbal åtferd som er intendert til å skade ein annan person. Det er antisosial åtferd som bryt med sosialt aksepterte reglar og normer, og som er fiendtleg retta mot andre eller mot materielle ting eller bygningar. Aggresjon er ein emosjon, og aggressiv åtferd kan grunne i kjensler som til dømes sinne, redsel, og kjensla av å ikkje bli forstått (Neergard, 2011). Det er viktig å skilje mellom reaktiv og proaktiv aggressivitet.

Når det gjeld reaktiv aggressivitet har individet ein relativt spontan reaksjon der handlinga i det augeblikket har som mål å forårsake andre menneske ubehag (Roland, 2007). Denne forma for aggresjon er eit resultat av at personen opplever til dømes frustrasjon, som igjen fører til sinne og som resulterer i eit utbrot der

han eller ho ønskjer å skade andre (Neergard, 2011). Sinnet kan ha bygd seg opp over kort eller lang tid, og har ført til eit indre ubehag. Dei barna som viser teikn på reaktiv aggresjon, er ikkje typiske mobbarar. Det er vanlegare at dei vekslar mellom å vere den som plagar andre og den som vert plaga av andre, fordi dei viser stor grad av frustrasjon og sinne. Olweus (1992) kallar desse dei «provoserande mobbeofra», då dei kan vere urolege og ukonsentrerte, og det kan lett oppstå irritasjon og spenning rundt dei på grunn av det.

Det er innslaget av proaktiv aggressivitet som i sterk grad predikerer kven som plagar andre (Roland, 2007). Denne forma for aggresjon syner seg ved at barna har ei sterkare draging mot å dominere andre, og dei opplev ei form for emosjonell vinst ved å gjere dette. I mange tilfelle er aggresjonen berre ein strategi for å oppnå noko utanfor sjølve handlinga, for å til dømes oppnå ein betre posisjon sosialt eller generelt nytte andre si avmakt; til dømes flauheit, redsel eller angst. Dei oppsøker situasjonar og personar som kan gi dei denne stimulansen (Roland, 2007). Den proaktive aggresjonen er stabil over tid, men ikkje over situasjonen (Neergard, 2011). Individet kan vise ulike sider av seg sjølv i ulike situasjonar, ved å vere snill i nokre situasjonar, og ikkje i andre. Aggresjonsforma vil kome fram under dei rette tingingane, og handlingane er motivert av sosial stimulans dei kan få i situasjonen, som til dømes gjennom å såre eller trykke ned ein annan, ha makt og vise styrke. Dei vert triggja av å sjå andre sin redsel og avmakt (Neergard, 2011). Roland (2007) seier at dette kan vere barn som kjem frå heimar med ein del interne problem, som har dårlege relasjonar seg i mellom, har lite grenser, varme og omsorg, og foreldre med maktorienterte oppdragarmetodar.

Eit eksperiment gjort av Albert Bandura, Dorothea Ross og Sheila A. Ross (1961) synta at vaksne som modellar har stor effekt på barn si aggressive åtferd. Barn som hadde modellar som viste aggressiv åtferd utførte mange av dei same handlingane sjølv, etter å ha observert den vaksne. Barna som enten ikkje hadde hatt modell, eller som hadde hatt ein vaksen modell som ikkje viste aggressiv åtferd, hadde betydelig mindre aggressiv åtferd i testsituasjonen (Bandura, Ross & Ross, 1961).

2.3. Førebygging i barnehagen

Forskning syner at det er nokre gjennomgåande kjenneteikn ved barn som vert utsatt for mobbing. Dei viser seg å vere meir engstelege og usikre, har lågare status i gruppa og er ofte mindre populære vener (Olweus, 1992; Roland, 2007). Vi veit at i barnehagen kan desse barna bli satt utanfor leiken og samspelet, noko som kan gi negative ringeverknadar i form av at dei ikkje får dei same moglegheitene til å utvikle sin sosiale kompetanse i samspel med andre (Neergard, 2011). Ein må innsjå kva breidde og variasjon av ferdigheiter og vurderingsevne som må til for å inneha ein sosial status der barnet er godt likt av vaksne andre barn (Lamer, 1997). Samtidig bør vi vere merksame på barn som har mangel på sosial kompetanse, då desse barna kan mislykkast i møtet med sosiale krav, miste status, verte avvist frå barn og eventuelt gi grunnlag for mobbing (Lamer, 1997). Det er difor viktig å arbeide med sosial kompetanse og vennskap, og i samarbeid med heimen for førebygge mobbing i barnehagen.

2.3.1. Sosial kompetanse, lek og vennskap

Barnehagen har ei samfunnsoppgåve i tidleg førebygging av diskriminering og mobbing (KD, 2011), og sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av denne forma for problemåtferd. Når barn startar i barnehagen stillast dei ovanfor mange nye utfordringar (Mistsand, Monstad, & Sjøbstad, 2004). Ein del av utfordringa er å tileigne seg si nye rolle som medlem av ei barnegruppe. Arbeidet med å støtte og rettleie barnet i si nye rolle må gå kontinuerleg, frå den dagen barnet begynner i barnehagen til det slutter i skulen (Mistsand, Monstad, & Sjøbstad, 2004). Forsking viser at sosial kompetanse er vesentleg for mestring og motstandsdyktigheit mot mobbing, og det er brei einigheit om at barn og unge bør få undervisning som kan fremje ei positiv sosial utvikling (Lamer, 1997).

Omgrepet sosial kompetanse brukast i dag i stadig fleire samanhengar, og i daglege livet har dei fleste ei formeining om kva det dreiar seg om (Lamer, 1997). Det handlar om å mestre samspel med andre, om å lykkast i å omgå andre. På grunn av at sosial utvikling ofte vert betrakta som ein normal del av læring- og modningsprosessen til barn, er viktigheita av å meistre den i kvardagen undervurdert (Lamer, 1997). Barnehagen skal fremje positive handlingar, og arbeide for at negative samhandlingsmønster ikkje utviklar eller festar seg (Utdanningsdirektoratet, 2012). Dermed har barn stort utbytte av å gå i barnehagar med høg kvalitet, mellom anna når det gjeld sosial kompetanse og vennsksapsrelasjonar, og utbyttet stig med aukande kvalitet (Utdanningsdirektoratet, 2012). Sosial kompetanse gjer barna i stand til å ta initiativ, fortsette, tilpasse seg, endre og avslutte interaksjonar etter situasjonen (Lamer, 1997). Dei greier å engasjere seg i samhandlingar på ein måte som er sosialt akseptabelt og personleg tilfredsstillande. På ein måte som er like tilfredsstillande for alle partar, og som er utfordrande og lønande. Når fleire barn leikar saman i ein sosial rolleleik, tileignar dei seg ferdigheiter som har stor betydning når dei skal utvikle sosial kompetanse innanfor områda empati, rolletaking, prososial åtferd, sjølvkontroll og sjølvhevdning (Lamer, 1997).

Empati er å kunne leve seg inn i andre menneskjer sine synspunkt og motiv, og kunne setje seg inn i og gjenkjenne andre sine kjensler og behov (Lamer, 1997). Å arbeide med barna sin empati er ei av barnehagen si viktigaste oppgåve i arbeidet med å førebygge mobbing (Neergard, 2011). Empati utviklast over tid, og for at den skal vere i utvikling trengs det systematisk arbeid med enkeltindividet og heile barnegruppa. Det er mange gode metodar og verktøy å ta i bruk som utgangspunkt for å arbeide hensiktsmessig med empati i barnehagen. Ein kan ta utgangspunkt i til dømes litteratur, samtalebileter og rollespel (Neergard, 2011). I barnesamtalar kan barn tenke på og snakke saman om opplevingar i kvardagen og kjensler og tankar knytt til dei (Utdanningsdirektoratet, 2012 og Midsand m. fl., 2004). Somme vel å ta utgangspunkt i bilete som viser barn som samhandlar på ulike måtar, eller barn som viser ulike kjensleuttrykk. Nokre brukar forteljingane om Truls og Trine (Lamer, 1997), to figurar som er gode modellar og førebileter for barna når det gjeld sosial åtferd. Her får barn og vaksne samtale rundt forteljingar om og bileter av kvardagslege hendingar og utfordringar, som barna kan kjenne seg igjen i. I samtalanane kan barna

få setje ord på tankar og kjensler, og dei kan på denne måten få erfaring med å ta ordet og hevde egne meiningar (Utdanningsdirektoratet, 2012; Midtsand m. fl., 2004). Ved å lytte til andre får dei også moglegheita til å sjå ei sak frå fleire sider, og til å leve seg inn i andre sin situasjon. Når barn dramatiserer eit eventyr eller spelar roller i leik, får dei moglegheit til å komme nær ulike kjensler knytt til rollene og situasjonane. Samtidig deltek dei i samspel med ein eller fleire der ein må ta omsyn til kvarandre, noko som kan vere med på å byggje opp om barnas empatiske evner. Empati gjer barna i betre stand til å kommunisere, vise omsorg for og hjelpe kvarandre (Utdanningsdirektoratet, 2012). Dette er alle faktorar som saman utgjer ein viktig del av barna sin sosiale kompetanse.

Fleire undersøkingar syner at barn sitt samvær med vener kjenneteiknast av emosjonell nærleik og av at barna er merksame på rettferdige løysingar ved konfliktrar, på gjensidigheit og på deling (Lamer, 1997). «En kan hevde at nettopp gode vennerelasjoner er utviklingsmessig forløpere for god tilpassning senere i livet» (Lamer, 1997, s. 27). Vennskap medverkar til ei kjensle av deltaking og fellesskap som igjen medverkar til positiv sjølvkjensle (Utdanningsdirektoratet, 2012). Å høyre til ei gruppe gir barna tryggleik og sosial tilknytning. Alle barn bør ha minst ein venn, og når vi veit kor viktig vennskap er, kan vi ikkje slå oss til ro med at nokon opplever at dei ikkje har vener eller kjenner seg einsame. Tilsette har ei sentral oppgåve der dei skal legge til rette for nye vennskap og hjelpe barna med å byggje relasjonar seg i mellom. Ved å skape felles opplevingar saman, kan barn etablere nye venskap, noko som er ein viktig faktor i sosialiseringssprosessen og ein førebyggjande faktor mot uheldig og negativ utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2012).

2.3.2. Vaksenrolla

Det er viktig at vaksne i barnehagen er tydelege, aktive, engasjerte og til stede i leiken og sampelet mellom barna (Neergard, 2011 og Midtsand m. fl., 2004). Ein tydeleg vaksen er ein vaksen som er stødig, demokratisk, omsorgsfull, mjuk og sterk. Ein slik vaksen førebyggjar mobbing. Han eller ho kan i leiken og samspelet vere ein trygg base, som gir barn positiv respons på prososiale handlingar og set grenser for antisosial åtferd (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Ein vaksen er ein viktig rollemodell for barna, for barn gjer det dei vaksne gjer, framfor det dei vaksne ber dei om å gjere (Neergard, 2011). Så for at barna skal tolerere, respektere og inkludere kvarandre, må nettopp vaksne gjere det same. Barn trenger tid, rom og innsiktsfulle vaksne som kan balansere mellom å imøtekome det enkelte barn sitt behov og ta omsyn til det kollektive (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Vaksne må gripe inn ovanfor all åtferd som krenker andre, anten det er språkbruk, utestenging eller fysisk angrep. Forklaringa på kva som er lovleg og akseptabel åtferd bør rette søkelyset mot det å sette seg inn i andre sin situasjon, og sjå konsekvensane av egne handlingar (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Vaksne i barnehagen som må vere klar over og merksam på slike åtferdsmønster, og hjelpe barna ut av dei negative rollene (Høiby & Trolle, 2012).

Forsking i skulen har vist at barn brukar mykje energi på å posisjonere seg sosialt, der nokre blir vinnarar og andre taparar i kampen om vener (Sandsleth, 2007). Det kan oppstå konflikhtar på grunnlag av dette behovet for å posisjonere seg sosialt i barnehagen, og det er dei tilsette sitt ansvar å rettleie barn i problemløysande ferdigheiter (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Ved å støtte barna som er i ein konflikt utan å skape vinnarar og taparar, kan det vere at barna sjølv slepp å bruke makt eller vald for å løyse konflikhtar. Ved å skilje mellom sosialt akseptable og sosialt uakseptable strategiar, kan ein lettare hjelpe barna gjennom konkrete tiltak. Ved å aktivere barnas ressursar, fokusere på desse og støtte barna i vidare utvikling av ferdigheitene, kan barnet kjenne at det blir tatt på alvor og det kan oppleve meistring og eigenverd. Ved å løfte fram det enkelte barn sine ressursar for resten av barnegruppa, kan det skape felles opplevingar og aksept som kan bli grobotn for nye vennskap (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Det dreier seg om oppbygging ein inkluderande kultur, der ein har fokus på ein god omgangstone for å sikre trivsel for alle i barnegruppa (Høiby og Trolle, 2012).

2.3.3. Samarbeid barnehage-heim

Dei pedagogiske personalet har det overordna ansvaret for å legge til rette for eit godt samarbeid med barna sine foreldre, og korleis samarbeidet utartar seg kan ha stor betydning for barnet si utvikling (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Foreldre er naturleg bekymra for barnet deira, og dei tilsette må gi tydeleg uttrykk for at det er naturleg at barn har utfordringar i samspelet med kvarandre i løpet av småbarnsalderen (Utdanningsdirektoratet, 2012). Dei fleste barn vil no og då kunne oppleve ubehagelege situasjonar, og det kan kjennast vondt for foreldra å høyre om eller observere episodar der barnet deira blir utestengt, erta eller plagga. Det kan også vere vanskeleg for foreldre å oppleve at barnet i ein periode eller stadig ertar, plaggar eller stengjer ute andre. Om barna sjølv gir uttrykk for at det ikkje trivst, eller når foreldra eller personalet av ein eller annan grunn er bekymra for eit barn, må partane snakke saman og samarbeid om løysingar og mot felles mål (Utdanningsdirektoratet, 2012). Alle må vere einige om kva ein arbeider for, og korleis ein skal gjere det (Høiby og Trolle, 2012). Nokre foreldre er gode til å sjå, høyre og tolke barnet, men ingen foreldre kjenner barna sine heilt i botn (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Dei veit til dømes lite om korleis barnet oppfører seg når det er utanfor foreldra si rekkevidde, som til dømes i barnehagen. Foreldra og personalet har dermed ulik, men likeverdige kunnskap om barnet, og begge parter vil ha nytte av å utveksle kunnskapane om barnet for å kunne støtte det best mogleg i utviklinga. Det er naturleg at eit barn i løpet av oppveksten møter utfordringar som krev ekstra innsats av vaksne, og ein god relasjon mellom tilsette og foreldre vil gjere det enklare å ta opp vanskelege tema når dei oppstår. Refleksjonar og drøftingar rundt barnet sine vanskar bør gi foreldra og personalet kjensla av å eige problemet saman, og ein kan samarbeide om ei felles løysing. Det å hjelpe og støtte barn i utviklinga deira, har best effekt om ein arbeider mot same mål både heime og i barnehagen (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

3.0. Metode

«En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener dette formålet, hører med i arsenalet av metoder.» (Aubert, 1985, s.196 i Dalland, 2012, s. 111).

Ein skil mellom to design (Dalland, 2012). Metodar i ekstensive og kvantitative design gir data i form av målbare einingar, medan metodar i intensive og kvalitative design tar sikte for å fange opp meining og oppleving som ikkje lar seg talfeste (Dalland, 2012). I denne oppgåva tar eg for meg intensivt og kvalitativt design der eg vel å ha opent intervju med 4 tilfeldig utvalde utdanna førskulelærarar. I dette kapittelet vil det bli gjort reie for metoden som blei brukt og dei metodiske vala som blei tatt knytt til innsamling av data. Kapittelet startar med ein presentasjon av intensivt og kvalitativt design der eg går inn på metoden eg har brukt innafor designet; opent intervju. Vidare tar eg for meg val av informantar og datainnsamlinga før eg går inn på behandling og analyse. Deretter blir feilkjelder, validitet og reliabilitet presentert, og til slutt tar eg for meg etiske omsyn som eg har tatt gjennom heile prosessen.

3.1. Intensivt og kvalitativt design

«Intensive design vil ofte være rettet mot å gå i dybden på noe, mot å få en forståelse for noe man kjenner dårlig til, enten et spesielt fenomen eller et spesielt tilfelle (case)» (Jacobsen, 2013, s. 55). Eg har valt dette designet for å få så mange nyanser og detaljar som mogleg, og fordi eg legg vekt på den enkelte si unike forståing og fortolking av eit fenomen. Dette kjem i form av ord, setningar og uttrykk, og vert samla inn gjennom samtaler med menneskjer; gjennom meiningsberande språk munnleg eller skriftleg.

Undersøkjaren prøvar å legge så få føringar, og samle inn data så opent, som mogleg. Dette gjer at kvalitative data eignar seg til å utforske. Ved å ikkje ha haldningar og forventingar før ein går ut for å undersøke, kan det lettare gjengi verkelegheita. Ein går frå empiri til teori, der empirien skal danne grunnlag for teori; noko ein kallar grunnlagt teori (grounded theory) (Jacobsen, 2013).

Dei sterke sidene ved intensive design er at dei er opne, og kan difor gi nyansert data (Jacobsen, 2013). Dei er fleksible ved at det er rom for endring problemstillinga og datainnsamlingsmetoden undervegs i undersøkinga. Dei svake sidene ved intensive design er at dei er ressurskrevjande, då intervju ofte tar lang tid. Difor må ein ofte nøye seg med å studere få einingar, og dette kan skape problem med representativiteten; det er vanskeleg å sei om dette kan gjelde for andre enn utvalet (Jacobsen, 2013).

3.1.1. Personleg intervju

Opne intervju er ein datasamlingsmetode der undersøkar og den som blir undersøkt samtalar om eit tema (Jacobsen, 2013). Det etablerast ein relasjon og ei samhandling, der partane samtalar og undersøkar noterar seg det den intervjuja seier. Intervju eignar seg for meg som er interessert i kva menneskjer seier og den enkelte person sine haldningar og oppfatningar. Generelt kan vi sei at det opne intervjuet ikkje bør

vere så strukturert at det består av spørsmål med faste svaralternativ som er bestemt på førehand, samstundes bør det ikkje vere heilt ustrukturert (Jacobsen, 2013). Difor har eg utarbeida ein intervjuguide med ulike tema som eg vil innom. Denne kan nyttast om informantane ikkje kjem inn på tema på eiga hand, eller om dei sporar av.

3.2. Val av informantar og datainnsamlinga

For å finne informantar forskingsprosjektet tok eg kontakt med fire tilfeldig utvalte barnehagar på telefon. Der informerte eg om at eg trengte ein pedagogisk leiar som ønska å bli intervjuet om tema «mobbing i barnehagen». Ein pedagogisk leiar takka ja frå kvar barnehage, og vi set opp tid og stad for intervjuet. Etter å ha takka ja, fekk dei eit informasjonsskriv om blant anna tema, anonymisering og bruk av bandopptakar.

Eg valde å intervjuet fire tilfeldig utvalde pedagogiske leiarar i fire ulike barnehagar. Dei barnehagane som blei valt ut var praktisk plassert for meg med tanke på transport. Tre av informantane var kvinner og ein var mann, to av dei hadde kort og to hadde lang erfaring i arbeid med barn. Dette var tilfeldig, då verken kjønn eller erfaring var relevant for denne oppgåva, men det har vore med på å skape breidde i funna mine.

På førehand av intervjuet hadde eg laga ein intervjuguide for å sikre at eg fekk belyst alle tema som eg trengte for å få svar på problemstillinga. I starten av kvart intervju blei alle intervjuobjekta informert om at fokuset mitt var på deira syn på mobbing i barnehagen og førebygging av det. Eg la til at desse tankane og meiningane skulle nyttast i ei bacheloroppgåve, og at funna ville bli anonymisert og bandopptak sletta. Eg begynte med eit generelt spørsmål slik at informanten kunne fortelje litt om seg og barnehagen sin, for å løyse opp på stemninga (Jacobsen, 2013).

Under nokre av hovudtema i intervjuguiden hadde eg oppfølgingsnotat og -spørsmål. Dette skulle vere til hjelp om det var behov for å utdjupe utsegn. I intervjuet blei det likevel naturleg å kome med andre oppfølgingsspørsmål i tillegg til desse. Dette gav informanten moglegheita til å opne seg og rundt tankane og svara sine. Informantane sa i etterkant at dette var noko dei hadde hatt utbytte av. Eg gav uttrykk for at eg hadde god tid og at eg var genuint interessert i det dei hadde å sei, slik at dei fekk prata seg ferdig om tema (Jacobsen, 2013).

Avslutningsvis spurte eg om informantane hadde noko meir dei ønska å ta, noko som fungerte som ein naturleg og mild måte å avslutte intervjuet på. Alle fire intervjuet varte i cirka 45 minutt, noko som var nok tid for informanten å belyse alle tema utan at dei verka å gå lei.

3.3. Behandling og analyse

Etter at intervjuet var gjennomført, blei dei transkribert. All kvalitativ analyse tar utgangspunkt i ei samling av rådata (Jacobsen, 2013). Desse dataa måtte eg strukturere for å kunne sjå enkeltdelane kvar for seg og saman i ei heilheit. Fyrst tematiserte eg kvart av intervjuet kvar for seg, før eg kategoriserte dei. Ved å

kategorisere kunne eg sjå om det var nokre av tema som var like og ulike, slik at eg kunne gruppere og samanlikne funna frå dei fire informantane. I nokre tilfelle kunne funna omhandle same tema, men ha ulike vinklingar (Jacobsen, 2013). Vidare var det viktig å få fram kva informantane meinte, men som likevel var relevant nok til å kunne svare på problemstillinga. Med tanke på at datamateriale måtte vere relevant i henhold til problemstillinga, så var det nokre informantar som kom tydlegare fram i oppgåva enn andre. Informantane fekk fiktive namn for at tankane og meiningane deira skulle bli anonymisert. Dei vil gå under namna Birte, Hanne, Arvid og Kine.

3.4. Feilkjelder, validitet og reliabilitet

Gjennom å drøfte validitet og reliabilitet prøver eg å stille meg kritisk til kvaliteten på dei dataa eg har samla inn (Jacobsen, 2013). Reliabiliteten refererer til metodens konsistens og «pålitelighet» (Kvale og Brinkmann, 2009). På denne måten seier reliabiliteten noko om kor robust og nøyaktig måleinstrumentet er. Validiteten omhandlar styrken og «gyldigheita» til metoden. Har ein høg validitet er ein trygg på at ein målar det ein ønskjer å måle (Kvale og Brinkmann, 2009).

Det at eg la opp til ein fleksibel prosess med anledning til å tilpasse spørsmåla undervegs kan ha bidrege til meir valide (Larsen, 2012). Før innsamling av data, gjennomførte eg ein pilotstudie. Ei slik forundersøking gav meg innsikt i kva svar eg kunne få og kva endringar eg burde gjere i forhold til intervjuguiden. Her fekk eg moglegheita til å oppdage openbare målefeil, som kunne ha påverka resultatet negativt. Når same datainnsamlingsmetode gir same resultat to gongar, seier Jacobsen (2013) at undersøkinga har høg reliabilitet, og det gjer oppgåva meir truverdige.

Med tanke på at denne oppgåva omhandlar utsegn frå fire deltakarar, kan ein ikkje generalisere funna til større populasjonar. På denne måten oppnår ein låg grad av ekstern gyldigheit. På den andre sida er det sjeldan eit mål i kvalitative studiar å skulle generalisere breiast mogeleg, då ein ikkje nødvendigvis ønskjer å representere heile spekteret i normalpopulasjonen (Kvale og Brinkmann, 2009). I mitt tilfelle var det meir interessant å gå i djupna av refleksjonane til fire informantar, enn å få gjennomsnittssvaret til hundrevis av pedagogiske leiarar.

I nokre tilfelle kan vi ende opp med å måle noko vi sjølv har skapt, heller enn å måle korleis den som undersøkast opplev eit fenomen; noko som vert kalla undersøkingseffekten (Jacobsen, 2013). Eg opplevde det som utfordrande å vere roleg og profesjonell, spesielt då eg vart engasjert, og kanskje av og til litt provosert av det informanten sa. Samtidig var det vanskeleg å ikkje stille ledande oppfølgingsspørsmål generelt under intervjuet. Alt dette kan ha påverka meg og min væremåte under intervjuet, og dermed kan det ha påverka informantane sine utsegn. Dette kan difor vere ei feilkjelde. Ei anna feilkjelde kan vere at eg har hatt for stor nærleik til tema, og har ubevisst silt av ut frå det eg har vore ute etter i behandlinga av funna (Jacobsen, 2013).

3.4.1. Pilotstudie

Ved å gjennomføre ein pilotstudie oppdaga eg tidleg at individuelle intervju var ressurs- og tidkrevjande (Jacobsen, 2013). Dette gjorde at eg valde å ikkje gjennomføre fokusgruppeintervju, og at fire individuelle intervju var nok med tanke på omfanget av oppgåva. Eg gjorde små endringar på spørsmåla i intervjuguiden, med utgangspunkt i informantane sine tilbakemeldingar og mine eigne erfaringar av forundersøkinga. Eg innsåg at eg fekk meir utdjupa svar ved å ha eit dialogpreg på intervjuet, og at det gjorde det lettare å opprette tillit mellom meg og informantane (Jacobsen, 2013). Det eg ville, var å måle resultat som var interessante, og som ein kan stole på. For å oppnå dette var det viktig å gjennomføre undersøkinga på rett måte. Ein slik testrunde på førehand, gjorde meg tryggare og meir forberedt i møte med den verkelege innsamlinga av data. Det gjorde det lettare for meg å kunne drøfte kritisk kor stor grad resultatet av undersøkinga skyldtes metoden, eller om resultatet er eit riktig bilete av «verkelegheita» (Jacobsen, 2013).

3.4.2. Bandopptakar

Ved hjelp av bandopptakar kan ein få med alt intervjuobjektet seier heilt ordrett (Jacobsen, 2013). Fordelen er sjølv sagt at vi kan tone ned notatskrivinga og dermed halde ein meir naturleg samtalekontakt med den ein intervjuar. Dette gjer ofte at intervjuet flyt lettare, samstundes som ein får med direkte og ordrette sitat, som gir ekstra tyngde i oppgåva. Ei ulempe kan vere at folk reagerer negativt på bandopptakarar, ved at dei vert stumme eller ukomfortable. Ein av informantane ville ikkje bruke bandopptakar, og det kan ha påverka svara. Sjølv opplevde eg at i dei intervjuane der bandopptakar blei brukt, vart det meir flyt i intervjuet og det vart lettare for meg som intervjuar å vere ein aktiv lyttar og stille oppfølgings spørsmål.

3.5. Ethiske omsyn

Ei undersøking inneber som regel at vi bryt inn i privatsfæren til enkeltindivid (Jacobsen, 2013). Dette kan i enkelte tilfelle stille oss ovanfor etiske dilemma. I starten var det viktig at informantane fekk informasjon på førehand slik at dei viste kva dei takka ja til. Gjennom heile prøvde eg å respektere og ta omsyn til informantane, til dømes respekterte eg valet til informantane som ikkje ville bruke bandopptakar under intervjuet. Bandopptaka er det berre eg som har høyrte på, og dei vil bli sletta med ein gong oppgåva mi er godkjent. Informasjon om informantane har blitt anonymisert gjennom blant anna fiktive namn, slik at det ikkje skal vere mogleg å identifisere enkeltpersonane utifrå funna. Til slutt har eg prøvd å gjengi resultatet korrekt, slik at informantane blir rett framstilt (Jacobsen, 2013).

4.0. Empiri

I dette kapitlet vil eg presentere funna mine. Eg ønskjer å presentere funn knytt til kva pedagogiske leiarar legg i mobbing i blant barn i barnehagen, kva dei seier om kva grunnen kan vere til at dei mobbar,

korleis dei arbeider med førebygging i barnehagen gjennom; sosial kompetanse og venskap, vaksenrolla og samarbeid barnehage-heim.

4.1. Kva legg pedagogiske leiingar i mobbing blant barn i barnehagen?

Når informantane skulle definere mobbing, sa dei alle at for dei kunne det vere; utestenging, sei stygge ting, henge ut nokon, slå og sparke ein annan. Hanne sa at den som mobba har ein agenda, at planen er å fryse ut eller hevde seg over nokon; «for meg er mobbing noko med hensikt», fortalte ho. Vidare sa ho at enkelttilfelle av slåing ikkje var noko ho ville kalla mobbing, sidan det ikkje var med hensikt å mobbe. Det må vere systematisk, la Hanne til. «Mobbing er eit sterkt omgrep» sa Kine, ho la til at ho difor trudde at det ikkje var så mykje mobbing i hennar barnehage. Det ho sjølv hadde opplevd var barn som planla å utestenge andre barn, fortalte Kine til. Birte sa ho ikkje likte ordet mobbing, at ho ikkje ville godta, og hadde vanskeleg for å tru, at det var mobbing i barnehagen. Ho kommenterte i den forbindelse; «skal det gå til å bli mobbing blant barn i barnehagen, har vi vaksne forsømt oss heilt». Då det blei snakka om definisjonen på mobbing sa Birte at det var vanskeleg å setje seg inn i kva *over tid* ville sei. Ho fortalte vidare at for eit barn kan ein dag vere lenge, og for oss vaksne kan det gå på eit knips. Ho la til at vaksne på vere bevisst på det. Arvid sa han var opptatt av at ein måtte sjå mobbeofferet, men samstundes sjå ting frå mobbaren sitt perspektiv. Han fortalte at han la usikkerheit i frå det barnet som mobbar i omgrepet, at «det kan vere ein måte å bli sett på». Arvid la til at dette var feil strategi å bruke. Vidare sa det kunne vere mobbing når eit barn var uønskt i leiken gjentekne gonger; «då mobbeofferet føler seg utestengt og ikkje inkludert».

4.2. Kvifor mobbar barna?

Både Birte og Kine sa at når det blir fokus på det å vere bestevenner, kunne det oppstå situasjonar grunna, blant anna, sjalusi. Kine la til at ho opplevde at det er status for barna å ha ein bestevenn, og at dei prøver å stele frå kvarandre; «slik at ein sjølv får ein bestevenn». Birte fortalte vidare at grunnen til at barn mobba kunne vere på grunn av ein slags frustrasjon, fordi dei ikkje veit kva som er rett og gale. «Dei prøver ut grenser, og må teste ut grenser for å finne eit mønster, og nesten realisere seg sjølv. Men sjølv sagt, det kan vere ein vanskeleg veg å gå» fortsetter Birte. Ho fortalte at det også kunne ha noko med arv å gjere, at barn kunne ta etter foreldra. «Kva tillét vi, som foreldre, barna våre å gjere? Kva synes vi er OK?», legg ho til. «Det kan vere mange grunnar til at dei er slemme med andre barn» fortel Arvid; «Det kan vere eit barn som slit med sjølvbilete». Barnet ønskjer å bli bekrefta og anerkjent, fortsett han, men dei brukar feil strategi; «dei må avkodast slik at dei kjem inn på rett spor». Han sa han ville prøve å finne bakanforliggende årsakar, og at han kanskje måtte leite i familiære forhold. «Eg trur noko av det er personleikstrekk, du likar å vere sjef» fortel Hanne. Det handlar om å hevde seg sjølv, sa ho. Vidare fortalte Hanne at «det er ein konkurranse om å vere sjefen og styre... det er makt rett og slett», men samtidig kan dei vere snille med kvarandre også, legg ho til.

4.3. Førebygging

4.3.1. Sosial kompetanse

Alle informantane sa at det var viktig at barna lærte seg sosial kompetanse, og at dette kunne førebygge mobbing blant barna i barnehagen. Kine sa at hos dei hadde dei sosial kompetansesamlingar om Truls og Trine. I desse samlingane tok dei opp tema som utestenging og det å vere stygg mot andre, og i ettertid samtala dei rundt kva dei kunne gjort annleis og kva ein faktisk bør gjere i slike situasjonar, fortalte ho. Arvid sa han var opptatt av å få fram barna sine tankar og meiningar rundt det negative som kan oppstå i det sosiale samspelet, og la til at; «litt rollespel har vi funne ut er ein veldig god måte å nøste fram slike ting og prøve å finne ut kva som kan vere grunn og årsak, og finne løysingar. Det har vore veldig nyttig». «Det er mykje vi skal gjennom i eit barnehage-år», fortsetter han; «... Vi skal lære dei grunnleggande ferdigheiter, bokstavar og skrivning, men er ikkje det sosiale på plass... då er det eigentleg forgjeve det andre vi jobba med». Hanne sa at «førebygging av mobbing er å gi barna sosial kompetanse», og at det er viktig at barna lærer seg dei sosiale spelereglane. Det er ofte dei barna som ikkje forstår korleis dei skal kome seg inn i leiken, som blir utestengd, fortalte ho og la til; «men ved å prøve å gi dei sosial kompetanse og gi dei evna til å klare og vere ein ettertrakta leikepartner, så blir kanskje ikkje mobbing noko problem». Birte sa at nokre ting fell naturleg hos barn, medan kva som er rett og gale i samspel med andre er noko som må lærast; «dei må prøve seg fram og vi som er rundt dei må lære dei det».

Hanne og Birte fortalte at i deira barnehagar har dei jobba spesifikt med temaet vennskap, noko som dei begge sa indirekte førebygga mobbing blant barna. Hanne sa at; «vi har mykje fokus på vennskap, vere greie og gode med kvarandre, sei fine ting til kvarandre, at alle må få lov å vere med og at alle skal ha vener», medan Birte fortel; «eg har hatt ein bamse som kan vere vener med alle, vi har laga hjarter som symboliserer vennskap, vi har laga plakatar og hatt songar med tema vennskap». Arvid fortalte at dei vaksne på hans avdeling ville kartlegge vennskap for å førebygge mobbing. Han forklarte at dei tok utgangspunkt i eit bilete av heile barnegruppa, og så fekk kvart enkelt barn peike ut kven dei ønska å leike med; «då legg vi ingen føringar. Då har vi bilete, og så peiker dei på bilete». Om ingen eller få valte eit barn, ville dei finne ut kva som gjorde til dette og tilrettelegge rundt barnet, sa han til slutt.

4.3.2. Vaksenrolla

Alle fire informantane sa at vaksne i barnehagen må ta seg tid til å høyre alle sidene i ei sak, om det oppstod negative situasjonar mellom barna. «Det er veldig viktig at begge får sei sin versjon. Det vil alltid vere ei subjektiv oppleving» forklarte Arvid. Birte sa at ein må finne ut kva som har skjedd, og at ein som vaksen må vere bevisst. «Det er ikkje alltid den som ropar høgast som har gjort noko gale», fortalte ho. «Ein er jo konfliktløysar, i stor grad!» fortel Hanne, vidare fortel ho at vaksne i barnehagen må; «finne rota på problemet, førebyggje eller få løyst problemet». Kine sa at; «når vi ser mobbing tar vi det opp med dei det gjeld. Vi snakkar gjerne ein og ein, og i gruppe etterpå», og ho la til at det ofte kan vere «ein anna bakgrunn

enn det ser ut til» og at det difor er «viktig at alle partar får sagt noko... For å få alt fram». «Ein må ta situasjonar her og no, når ein ser slike moglegheiter» fortsetter Arvid. Vidare då Birte snakka om vaksenrolla, fortalte ho at «det viktigaste er at vi ser barna, og at det alltid er ein grunn til at dei gjer som dei gjer. At vi tenker og ser barna sitt perspektiv, og at vi ikkje styrer i veg. At vi lyttar til barna, og finner ut kva som gjer at dei handlar som dei gjer». I tillegg til å sjå barna og sjå individa, sa Arvid at ein som vaksen må vere i situasjonen; «vere med barna, og vere der barna er». Vidare fortel han at «ein må sjå på dei som blir mobba, men ein må òg sjå på den som mobbar».

Birte sa at «vi ser behovet for å vere stasjonert. Nokon på bordet, nokon på golvet og nokon borte ved dokkene». Ho sa at på denne måten kan den vaksne hjelpe barn som blir utestengt inn i leiken eller som berre blir tildelt roller som baby og hund. Arvid seier også at ein som vaksen må hjelpe barna som har vanskeleg for å kome inn i leiken, og «ha veldig fokus på rolla som støtte» legg han til. Vidare fortalte han om eit barn som blei ekskludert, som dei hadde klart å skape positiv blest rundt. Han sa at dei tok utgangspunkt i barnet sine interesser, og fekk dei andre barna interessert i det same. «Barnet blei ein veldig populær leikekamerat blant dei andre» og blei småinsekteksperten i gruppa, la Arvid til.

Då Arvid snakka om vaksne som opplev mobbing blant barn i barnehagen, sa han at «TRAS eller perling og oppsette planar får berre vike. For ser ein slike ting så er det veldig viktig å ta det med ein gong, og jobbe med enkeltindividet og gruppa». Arvid la til kor viktig det er å «skape eit godt miljø, eit inkluderande miljø». Hanne sa i same forbindelse at «eg tenker når det begynner ein stad, er det lett at det spreiar seg, det kan ramme fleire». Av den grunn må vaksne i barnehagen jobbe førebyggjande med heile barnegruppa, og at foreldra må på bana, legg ho til.

4.3.3. Samarbeid barnehage-heim

Kine sa at ho ikkje hadde opplevd at foreldre i barnehagen hadde vore bekymra for at barnet deira har blitt mobba i barnehagen. To av informantane hadde ikkje opplevd at foreldra hadde nemnt mobbing, men anna som kunne relatere til det. Hanne fortel at «eg har aldri opplevd at foreldre har sagt at dei er redd for at barnet deira blir mobba, men at dei er redd for er redd for at dei blir utestengt». I nokre tilfelle hadde barna fortalt noko som hadde skjedd i barnehagen etter å ha kome heim, fortalte ho. «Dei fortel kanskje meir av det skjulte til foreldra» la Hanne til. Birte sa ho har opplevd at foreldre fortel at barna seier at dei ikkje har vener. «Då har eg fortalt kven dei leiker med og korleis dei har det, men eg har òg sagt at eg skal observere i ein periode» forklarar Birte. Arvid sa at han ofte opplevde at foreldre er bekymra for at barnet deira blir mobba. Av slike grunnar har kvar vaksen, på hans avdeling, seks barn som dei skal ha ansvar for, fortalte han. Dette for at foreldre skal få svar når dei kjem med slike bekymringar, og at «i 95% av tilfella kan vi sei at det ikkje er slik», legg Arvid til. Hanne fortel vidare at «eg tenker det er bra at foreldra fortel... bra at dei tørr... for det er ikkje alt vi ser» og «det kan hjelpe oss å sjå». Birte sa at når ho fekk slike

spørsmål var «det flott, tenker eg». Arvid meiner «det er viktig at foreldra spør... det er viktig at foreldre er trygge på at vi ser barna».

Då det blei snakk om korleis ein ville handtert mobbing i barnehagen, sa Hanne at «eg tenker at då må begge partar på bana... Det er viktig at begge foreldrepantar blir involvert». Sjølv om det kunne vere ubehageleg å fortelje at barnet deira mobbar eit anna barn, må ein «prøve å skape eit samarbeid mellom foreldre og barnehage», fortel Hanne. «Det er jo veldig delekate saker», men ein må jobbe med det på heimebane i tillegg til i barnehagen, seier ho vidare. Kine fortalte at det var viktig å snakke med barnet, men samtidig samtale med foreldra. Ho sa ho ville spurt dei; «kva skjer heime og kva seier barnet?». Vidare sa ho at saman må dei bli einige om ein måte å løyse det på, og samtidig følgje det opp. Om det er alvorleg, sa Birte at ho ville kopla inn foreldra. Arvid sa han ville prøvd å finne bakanforliggende årsakar, og at han kanskje måtte leite i familiære forhold? Han fortalte at dei allereie hadde eit barn, der dei var i dialog med foreldra. Vidare sa han; «vi har ganske spesifikke tiltak som vi skal jobbe med i barnehagen og i heimen, slik at vi har ein felles metodikk å jobbe utifrå». Dette sa han hadde vore veldig nyttig, og at dei i dette tilfelle var på god veg.

5.0. Drøfting

I drøftingskapittelet vi eg setje teorien opp mot empirien. Her vil eg ta for meg kva pedagogiske leiarar legg i mobbing blant barn, kva som kan vere grunnar til at barn mobbar, og korleis barnehagen kan førebygge mobbing gjennom; sosial kompetanse og venskap, vaksenrolla og samarbeid barnehage-heim.

5.1. Kva er mobbing i blant barn i barnehagen?

Alle fire informantane hadde ei formeininga om kva mobbing mellom barn kunne vere. Dei nemnte det psykiske og fysiske aspektet med mobbing, men det var berre Hanne og Arvid som nemnte at det må vere ein viss systematikk i dei negative hendingane for at det skal bli kalla mobbing. Birte stilte spørsmål til dette med «over ei viss tid» når definisjonen til Olweus (1992) vart nemnt i slutten av intervjuet. For kva vil «over ei viss tid» sei? Det kan vere slik som Birte seier, at tid er eit abstrakt omgrep som kan vere subjektivt. For barn kan ein dag vere lenge, noko som vaksne i barnehagen bør ta omsyn til når ein ser barn bli utsatt for negative handlingar. Roland (2007) meiner at omgrepet mobbing skal reserverast for systematiske krenkelsar, sjølv om enkelttilfelle bør takast alvorleg går det likevel ikkje under definisjonen. Men om eit barn blir utsett for fleire krenkelsar over ein dag, vil det verken passe under enkelttilfelle eller systematisk over tid. Ein kan dermed stille seg kritisk til definisjonen saman med Birte, og ser at under definisjonen på mobbing bør ein ta omsyn til konteksten og barnet, og ikkje berre tidsperspektivet. Dette fordi ein har ulik tolegrense for mobbing plaging, og opplevinga av handlingane er subjektive (Sandsleth, 2007).

Arvid meinte at det også kvalifiserte som mobbing dersom eit barn opplevde gjentekne hendingar kor han eller ho kjente seg utestengt eller ekskludert. Han var tydeleg opptatt av kjenslene til barnet, noko som kan

vere eit viktig aspekt når ein skal definere mobbing. Handlingar som skjer over tid og som kjennest ekkelt, sårande eller krenkande kan også betegnast som mobbing (Sandsleth & Foldvik, 2000 i Sandsleth, 2007). Dette er eit meir romsleg syn på mobbing, og det tar meir utgangspunkt i mobbeofferet sitt perspektiv. Det kan tenkast at dette manglar når ein tek utgangspunkt i Roland (2007) og Olweus (1992) sine definisjonar. Ut frå dei definisjonane er det lett å tolke at det er eksterne observatørar som skal avgjere om ei handling kvalifiserast som mobbing. Dersom ein tek kjensleaspektet til den som vert mobba inn i definisjonen så kan mobbeofferet sjølv avgjere kva som er mobbing og ikkje.

Kine var i tvil om det var mobbing blant barna i hennar barnehage, og Birte tvilte på om det var mobbing generelt i barnehagen. Men forskning viser at det finns mobbing blant barn i barnehagen (Vlachou, m. fl., 2011). I metaanalysa kjem det fram at barn kan utsette kvarandre for blant anna stygge ord, fysisk vald og sosial ekskludering. Kine nemnte også at mobbing er eit sterk omgrep, men kan det også vere eit skummelt omgrep? Dersom ingen ønskjer å sjå mobbinga, er det heller ingen som kan førebygge det før det skjer eller ta tak i det når det skjer. Det ligg ei hensikt bak mobbing meiner Hanne, og difor er det kan kanskje vere vanskeleg å førestille seg at små barn kan vere så stygge med kvarandre. Dette kan vere med på å legge skjul på at det faktisk skjer i blant barna i barnehagen. Det blir dermed viktig å sjå nærmare på kva som kan vere grunn til at barn mobbar.

5.2. Kvifor mobbar barna?

Arvid sa han var opptatt av at ein måtte sjå mobbeofferet, men samstundes sjå ting frå mobbaren sitt perspektiv. Han fortalte at mobbaren kunne vere usikker, og at mobbinga kunne vere ein måte å bli sett på. Mobbeutøvarane har vist seg å vere gjennomsnittleg eller meir utvikla på dei fleste områder, og at dei i verkelegheita er usikre har vist seg å vere ein myte (Olweus, 1992). Dette viser at mobbarane i utgangspunktet er normalt sosial kompetente, og at dei mest sannsynleg då er attraktive leikepartnerar blant dei andre i barnegruppa. Det å kunne setje seg inn i ein annan sin situasjon og kjensler er noko av det å inneha empati, noko som er ein viktig del av den sosiale kompetansen. Det er interessant at ein til tross for gode empatiske eigenskapar, likevel tek til mobbing. Det kan handle om at dette barnet sitt behov for makt stiller sterkare enn det andre barnet sine kjensler. At eit barn blir offer for eit anna barn si vinning.

Det som er felles for barn som mobbar er at dei ber preg av meir aggressiv åtferd (Olweus, 1992). Då kan det kan det vere noko i det Arvid seier likevel, for i aggressiv åtferd kan det ligge mange indre kjensler som kan underbygge handlinga (Neergard, 2011). Det kan kome av blant anna sinne, redsel, og kjensla av å ikkje bli fortsått. Men usikkerheit kan mest sannsynleg vere ein del av det, eller at kjensler som redsel kan utløyse usikkerheit i tillegg til aggressiv åtferd. Opphoping av slike kjensler kan dermed forårsake eit sinneutbrot som kan gå ut over eit anna barn. Dette kan ein også sjå i samanheng med det Birte sa om at barn kunne mobbe fordi dei var frustrerte over at dei ikkje visste kva som var rett og gale. Barna med reaktiv aggresjon har dermed ikkje ein plan om å skade andre før sinneutbrotet, men i kampen sin hete

ønskjer dei å gjere det. Desse barna er ikkje typiske mobbarar, men fordi dei kan vere urolege og har slike utbrot, kan dette gå utover enkelte barn.

Kine og Birte sa at det kunne oppstå konflikthar når det blei for mykje fokus på å vere bestevenner. Dette kan sjåast i samanheng med barn sitt for sosial posisjonering (Sandsleth, 2007). Men kan det ligge noko anna bak enn sjalusi? Kine la til at barna kunne stele vener frå kvarandre, for å sjølv ha ein bestevenn. Slik ho legg det fram, kan ein få inntrykk av at intensjonen er å psykisk såre andre, noko som passar under definisjonen på aggresjon. Det at barna brukar den negative handlinga som eit verktøy for å heve seg sjølv sosialt og for å ha makt, kan assosierast med barn med proaktiv aggressivitet (Roland, 2007). Det kan ligge mykje makt i å stele, og det kan vere vondt å bli tatt frå ein ven, noko som barn med proaktiv aggresjon kan få emosjonell lønning av.

Dette kan ein også sjå i samanheng med det Hanne tok for seg om barna likar å sjefe og styre, men som samtidig kan vere gode mot andre. Barn med proaktiv aggresjon kan vise ulike sider av seg sjølv; dei kan vere vennlege i nokre situasjonar og i andre ikkje (Neergard, 2011). Handlingane er meir planlagde og mindre spontane, noko som kan gjere det vanskelegare å oppdage. Barna kan klare å ta i bruk aggresjonen til eiga vinning på dei «rette» tidspunkta. Dei kan dermed vere godt likt blant barn og vaksne ved at dei berre brukar makta kun når det er nødvendig for dei å oppnå sosial stimulans. Det kan hende dei klarar å bruke makt på ein måte som gjer til at dei verken vaksne eller barnet som blir utøvd makt på oppdagar det. Mobbeoffera har vist seg å vere engstelege og usikre (Olweus, 1992; Roland, 2007), noko som kan gjere at det enklare å utøve makt på dei.

Ei anna forklaring på kvifor barn mobbar kan vere at dei tek etter vaksne. Birte dreg fram at foreldre og andre vaksne er rollemodellar for barna. Det vaksne gjer og det vaksne tillét barna å gjere ovanfor andre, påverkar barna sine handlingar. I Bandura og kollega sitt eksperiment i 1961 vart resultatet nettopp dette Birte tar for seg, at barn tok etter dei vaksne modellane når det gjaldt aggressiv åtferd. Difor kan det vere ekstra viktig at vaksne er bevisste eigen veremåte og korleis ein snakkar og handlar ovanfor barn eller når barn er i nærleiken. Ein må ikkje oversjå, men gripe inn ovan for all åtferd som krenker andre (Midtsand, Monstad, & Sjøbstad, 2004).

Arvid fortel vidare at mobbing kan sjåast i samanheng med familiære forhold. Dette er eit syn støtta av til dømes Roland (2007) som tek utgangspunkt i at proaktiv aggresjon kan kome av at barn kjem frå heimar med interne problem. Det kan vere familiar med dårlege relasjonar seg imellom, generelt lite grenser, varme og omsorg og foreldre med maktorienterte oppdragarmetodar. Det siste kan også sjåast i samanheng med Bandura og kollega (1961) sitt eksperiment. Dette syner ikkje berre viktigheita av tilsette si rolle, men også foreldra si rolle.

5.3. Førebygging

I dette delkapittelet vil eg ta for meg korleis ein kan førebygge mobbing gjennom; sosial kompetanse og vennskap, vaksenrolla og samarbeid barnehage-heim.

5.3.1. Sosial kompetanse og vennskap

Alle informantane uttrykte viktigeita av å lære barn sosial kompetanse, og at arbeid med dette kan førebygge mobbing blant barna i barnehagen. Rammeplan (2011) seier at sosial kompetanse er vesentleg for å motverke utvikling av problemåtferd, samtidig som forskning syner at det kan gjere barn sterkare i møtet med mobbing (Lamer, 1997). Arvid fortalte at det var viktig å arbeide med dei grunnleggande ferdigheitene, men har ikkje barna den sosiale kompetansen i botn, blir det andre forgjeve. Mangel på sosial kompetanse kan gjere at barna mislykkast i møtet med sosiale krav og verte avvist av andre barn (Lamer, 1997). Slik som Hanne og Birte sa, er det mange barn som treng å lære seg dei sosiale spelereglane for å vite kva som er rett og gale i samspel med andre barn. Hanne fortalte at det er ofte dei barna som ikkje veit korleis dei skal kome inn i leiken, som vert utestengd. Det verkar som om barna Hanne og Birte snakkar om har lågare status i gruppa og er mindre populære leikekamerater, noko som er gjennomgåande kjenneteikn ved barn som vert utsatt for mobbing (Olweus, 1992; Roland, 2007). Det er viktig at barnehagen fremjar positive handlingar, og arbeider for at negative samhandlingsmønster ikkje utviklar eller festar seg (Utdanningsdirektoratet, 2012).

Barn som blir sett utanfor leiken og samspelet, kan ha vanskeleg for å utvikle sosial kompetanse, då dette er noko ein kan lære seg i samspel med andre barn (Neergard, 2011). Det kan verke som dette er ein negativ spiral. Barn lærer seg sosial kompetanse i samspel med andre barn, men barn med lite eller ingen sosial kompetanse har lett for å hamne utanfor samspelet. Det kan vere veldig vanskeleg for eit barn, som allereie har hamna utanfor leiken eller som har lite eller ingen sosial kompetanse, å kome inn igjen i samspelet med andre barn. Hanne meiner det er dei vaksne som må hjelpe ved å gi barna sosial kompetanse, slik at dei kan bli ein ettertrakta leikepartner. Ein bør fremje denne kompetansen ved å skape felles aktivitetar som kan vere grobotn for vennskap (Mistsand, Monstad, & Sjøbstad, 2004). Då vert det viktig, som Birte seier, å la barna prøve ut kva som er rett og gale i sosiale samspel med andre barn, samtidig som vi vaksne går inn og rettleiar dei når det trengs.

Fleire undersøkingar syner at barn sitt samvær med vener kjenneteiknast av nærleik og av at barna er merksame på rettferdige løysingar i konflikt og når det gjeld deling (Lamer, 1997). Når fleire barn leikar saman i sosial leik, kan dei lære å tilpasse seg, ta initiativ og samhandle på ein måte som er akseptabelt og tilfredsstillande for alle partar. På Arvid si avdeling kartlegg dei vennsapsrelasjonane mellom barna. Opplev dei at barn har ingen eller få vener, tilrettelegg dei rundt dette barnet. Det kan verke som dei har tatt på alvor kor viktig vennskap er, og at det medverkar til at barna får ei positiv sjølvkjensle når dei får delta i fellesskapet (Utdanningsdirektoratet, 2012).

At barna har empati er ein viktig del av det å inneha sosial kompetanse, og kan vere noko av det viktigaste barnehagen arbeider med når det gjeld førebygging av mobbing (Neergaard, 2011). Hos Kine jobba dei med sosial kompetansesamlingar om Truls og Trine. Desse figurane tener som gode modellar og førebileter for barna når det gjeld sosial åtferd (Lamer, 1997). Gjennom forteljingar og bileter der Truls og Trine opplever kvardagslege hendingar og utfordringar, som barna kan kjenne seg igjen i, kan barn og vaksne saman diskutere ulike løysingsforslag. I slike barnesamtalar kan barna få setje ord på tankar og kjensler, samtidig som dei kan få moglegheita til å sjå ei sak frå fleire sider gjennom å lytte til andre barn sine meiningar (Utdanningsdirektoratet, 2012 og Midtsand m. fl., 2004). Dette kan vere med på å byggje opp barna sine empatiske evner.

Arvid opplevde at rollespel var ein god måte og nøste fram tankar og kjensler knytt til vanskelege tema, og at det kan vere ein god måte å starte samtalar rundt løysingar knytt til negative hendingar. Når barn dramatiserer eit eventyr eller spelar roller i leik, får dei moglegheit til å komme nær ulike kjensler knytte til rollene og situasjonane (Utdanningsdirektoratet, 2012 og Midtsand m. fl., 2004). I slik sosial rolleleik, kan barna tileigne dei seg ferdigheiter som har stor betyding når dei skal utvikle sosial kompetanse innanfor, til dømes, området empati (Lamer, 1997). Dei må ta omsyn til kvarandre, kommunisere og hjelpe kvarandre, noko som er ein viktig del av det å inneha empati.

5.3.2. Vaksenrolla

Når informantane opplevde at det oppstod negative situasjonar mellom barna, sa dei at var viktig at ein lytta til barna og lar alle få kome med sin versjon av kva som hendte. Det er viktig å vere bevisst på at det ikkje alltid er den som ropar høgast som er har gjort noko gale, sa Birte. Barna treng tydelege, demokratiske og omsorgsfulle vaksne i slike situasjonar (Neergard, 2011 og Midtsand m. fl., 2004). For at barn skal tolerere, respektere og inkludere kvarandre, må nettopp vaksne gjere det same. At barn imiterer dei vaksne sine handlingar, viste seg å vere tilfelle i Bandura og kollega (1961) sitt eksperiment. Dermed gjer barn som vaksne gjer, og ikkje kva vaksne seier dei skal gjer (Neergard, 2011). Vaksne må dermed modellere og vere tydeleg i kva som er akseptabel åtferd, og gripe inn ovanfor all åtferd som krenka andre. Det er viktig å få innsikt i kvifor barna gjer som dei gjer, sa Birte. Er det for å posisjonere seg sosialt? Er det med hensikt å skade andre? Ein må vere merksam på slike åtferdsmønster, og hjelpe barna ut av dei negative rollene (Høiby & Trolle, Stopp ertingen - Arbeid med inkluderende miljøer i barnehagen, 2012). Ein må ta seg tid til å rettleie barna i problemløysande åtferd, der ein tar omsyn til det enkelte barn sitt behov og ta omsyn til det kollektive (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Ein må ha fokus på rolla som støtte, seier Arvid, og ved å sjå individa, både den som mobba og den som blir mobba. Når ein ser mobbing må ein ta det opp med dei det gjeld, seier Kine, fyrst ein og ein og så i gruppe. Det kan vise seg å vere ein anna bakgrunn enn det ser ut til. Dette kan gjere at ein ikkje skapar vinnarar og taparar (Midtsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

Ved at dei vaksne er aktive og til stede i leiken kan dei vere ein trygg base som førebyggjar mobbing (Neergard, 2011). Birte sa ho såg behovet for at vaksne er stasjonert i leiken til barna. På denne måten kunne dei hjelpe barna som blei utestengt eller som fekk tildelt roller som baby eller hund. Ser dei vaksne at det er barn som regelmessig blir utsatt for dette, som kan vere eit maktspel, må dei ta det på alvor då dette kan opplevast som mobbing for den som blir utsett for krenkingane. Det kan vere at offeret er ute av stand til å gjere noko med det, at det er skeivheit i styrkeforholdet (Roland, 2007). Ein måte å hjelpe dei ut av offerrolla, kan ein gjer som Arvid. På hans avdeling hadde dei eit tilfelle der eit barn blei ekskludert frå leiken. Ved å ta i bruk barnet sine interesser og introdusere dei for resten av barnegruppa, blei barnet ein attraktiv leikekamerat. Ved å løfte fram det enkelte barn sine ressursar for resten av barnegruppa, kan det skape felles opplevingar og aksept som kan bli grobott for nye vennskap (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Samtidig får dette barnet støtte og fokus på sine ferdigheiter, noko som kan gjere at barnet opplever meistring og eigenverd.

Hanne fortalte at mobbing kan vere smittsamt, og at begynner det ein plass er det lett at det spreiar seg. Difor meinte ho at vaksne si rolle var å førebygge og løyse problemet når det oppstod negative situasjonar mellom barna. Ein må sei kva som er lovleg og akseptabel åtferd, og rette søkelyset mot det å sette seg inn i andre sin situasjon, og sjå konsekvensane av eigne handlingar (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Det dreier seg om oppbygging ein inkluderande kultur, der ein har fokus på å sikre trivsel for alle i barnegruppa (Høiby og Trolle, 2012). Dette var Arvid opptatt av. Han sa at oppsette planar får vike, for ser ein mobbing blant barna må ein ta det med ein gong og at det var viktig å skape eit godt og inkluderande miljø.

5.3.3. Samarbeid barnehage-heim

Både Hanne, Birte og Arvid hadde opplevd at foreldre var bekymra for barnet og deira samspel med andre barn. Sjølv om Hanne og Birte ikkje hadde opplevd at det hadde vore snakk om mobbing direkte, kan det likevel relaterast til mobbeomgrepet. Det er naturleg at foreldre er bekymra for barnet sitt, og eit samarbeid mellom barnehage og heim er avgjerande for at barn skal få ei god utvikling (Utdanningsdirektoratet, 2012). I nokre tilfelle kunne dei trygge foreldra om at det ikkje var noko å bekymre seg for, og i andre kunne det bli nødvendig å setje inn tiltak. Det er bra foreldra tørr å sei ifrå, sa dei. Det kan hende barna tørr å fortelje meir av det skjulte til foreldra, og det kan hjelpe oss å sjå, meinte Hanne. Nokre foreldre kan vere gode på å sjå, høyre og tolke barnet sitt, men det er ingen foreldre som kjenner barnet sitt på alle områder (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Difor er det ikkje sikkert dei har innsikt i korleis barnet deira er i barnehagen. Dermed kan foreldre og tilsette i barnehagen sitte med ulik kunnskap om barnet. I eit godt samarbeid får ein utveksla desse ulike syna, og laga eit meir heileleg bilete av barnet. Eit slikt samarbeid kan vere avgjerande for barnet si utvikling, og for å kunne setje inn tiltak.

Alle informantane sa, på kvar sin måte, kor viktig samarbeidet med foreldra var, spesielt om dei opplevde at barnet blei utsatt mobbing eller utsette andre for mobbing. Dei ville alle ha kopla inn foreldra til dei barna

som var involvert i mobbing. Det er viktig at dei i dialogen med foreldra fortel at det er vanleg at barn møter utfordringar i samspelet saman med andre barn (Utdanningsdirektoratet, 2012). Når barn startar i barnehagen må dei tileigne seg ei ny rolle som medlem av ei barnegruppa, og dette kan ofte verte utfordrande (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Det er lett at ein tar for gitt at barna skal klare dei sosiale spelereglane, då sosial kompetanse er noko som er lett å ta for gitt i læring- og modningsprosessen til barna (Lamer, 1997). Dette bør alle vaksne i barnehagen vere bevisst på, både personalet og foreldre.

Det kan kjennast vondt for foreldre å høyre eller sjå barnet deira blir mobba eller plaga av andre. Det kan vere like vondt å sjå barnet sitt mobbe eller plage andre (Utdanningsdirektoratet, 2012). Sjølv om Hanne sa at det kunne vere ubehageleg å ta opp slike ting, synes ho det var viktig med eit godt samarbeid. Når det gjeld mobbing er det noko ein må jobbe med på heimebane i tillegg til i barnehagen. Difor bør ein drøfte kva ein bør gjere saman, slik at dei kan jobbe mot eit felles mål. Arvid var allereie i dialog med foreldra til eit barn, der mobbeproblematikk var i fokus. Dei jobba med felles spesifikke tiltak for å betre situasjonen. Om det er eit godt samarbeid mellom foreldre og barnehagen, kan det vere lettare å ta opp vanskelege tema. Det viser seg at barnet får best effekt når både heime og i barnehagen arbeider mot same mål (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004).

6.0. Avslutning/oppsummering

I denne oppgåva har eg teke føre meg temaet mobbing blant barn i barnehagen. Gjennom kvalitative intervju med fire informantar og ein gjennomgang av ein del av litteraturen kring mobbing, ønska eg å svare på problemstillinga mi. Ved å prøve og finne ut kva mobbing blant barn er og korleis dei førebygger mobbing i barnehagen, har mobbing vist seg å vere eit komplekst fenomen. Det kom fram at ein må ta omsyn både barnet som blir mobba og barn som mobbar, noko som gjer at ein må ha ei brei og opa tilnærming.

Mobbepofferet kan kjenneteiknast ved at dei er usikre og engstelege (Olweus, 1992; Roland, 2007), noko som er eigenskapar som kan gjere at dei er lettare å utøve makt på. Dei kan ofte bli stengt ute av leiken og samspelet, noko som kan gå utover barnet si utvikling av sosial kompetanse. Barn tileignar seg sosial kompetanse gjennom samspel med andre barn, og dette viser kor viktig venskapsrelasjonar er (Lamer, 1997). Det som kom fram når det gjeld førebygging rundt mobbepofferet, er til dømes at ein kan ta i bruk dette barnet sine ressursar inn mot barnegruppa (Midsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Felles opplevingar kan vere grobotn for venskap, og det kan gi barnet ei kjensle av meistring og eigenverd.

Felles for barn som mobbar er at dei kan ha større grad av aggressivitet (Olweus, 1992). Aggressiv åtferd mot andre kan anten ha røter i reaktiv eller proaktiv aggresjon. Den reaktive aggresjonen oppstår etter ei opphoping av kjensler som frustrasjon med sinneutbrot som følgje (Neergard, 2011), men denne er gjerne verken systematisk eller gjennomtenkt. Difor er desse barna gjerne ikkje dei typiske mobbarane (Roland,

2007). Det er meir vanleg at mobbing skjer som resultat av proaktiv aggresjon. Her har barnet som utøver mobbing ei underliggende hensikt bak åtferda sin, enten dei ønskjer noko materielt eller makt. Sidan denne forma for åtferd er mindre spontan kan den vere vanskeligare å oppdage.

Ein kan tenkje seg at eit viktig førebyggande tiltak mot mobbing er at personalet i barnehagen framstår som gode rollemodellar. Det finns forskning som klart skildrar ein samanheng mellom vaksne modellar sin aggressive åtferd og barn sin aggressive åtferd (Bandura m.fl., 1961). Dermed er det viktig å vere bevisst på korleis ein er ovanfor barn. Samtidig bør tilsette i barnehagen og familien gå saman for å avlære desse strategiane og engasjere dei i sosialt aksepterte handlingar (Mistsand, Monstad, & Søbstad, 2004). Samarbeid mellom familie og heim vert dermed eit viktig steg i førebygginga.

Andre gode tiltak mot mobbing kan vere å arbeide med barna sin empati gjennom barnesamtalar og rollespel. Her kan barna få setje ord på tankar og kjensler, og få setje seg inn i andre sin situasjon og meiningar. Dette er ein viktig del av den sosiale kompetansen til barna, og noko som trengs både for å stå imot og for å førebygge mobbing i barnehagen (KD, 2011; Lamer, 1997).

Det kan vere mange grunnar til at barn mobbar, og aggresjon kan vere ein av dei. Likevel er det viktig å påpeike at dette er ingen fasit, mykje på grunn av at det er lite forskning på mobbing i barnehagen (Vlachou, Andreou, Botsoglou & Didaskalou, 2011).

I denne oppgåva er det eit udefinert aldersspenn når det vert snakka om barn, som anten mobbar eller blir mobba. Dette er noko eg ville gått djupare inn på om eg skulle ha forska vidare på feltet. Her kunne det vore interessant å sett på forskjellane mellom korleis språklege og førspråklege barn mobbar. Vidare kunne eg tenkt meg å gått inn på andre grunnar til at barn mobbar enn aggresjon, som eg har tatt utgangspunkt i oppgåva. Det er viktig å påpeike at det finns ingen fasit, og at det fortsatt er mange områder ved mobbing som ein kan gå inn på.

Litteraturliste

- Bandura, A., Ross, D. & Ross, S. A. (1961) Transmission of Aggression Through Imitation of Aggressive Models. *Journal of Abnormal and Social Psychology*, 63(3), 575-582.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Høiby, H., & Trolle, A. (2012). *Stopp ertingen - Arbeid med inkluderende miljøer i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring- Innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan - for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2009) *Det kvalitative forskningsintervju*, 2 utgåve. Oslo: Gyldendal.
- Lamer, K. (1997). *Du og jeg og vi to! - Om å fremme sosial kompetanse - Teoriboka*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Larsen, A. K. (2012). *En enklere metode - Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Midtsand, M., Monstad, B., & Søbstad, F. (2004). *Tiltak mot mobbing starter i barnehagen*. Trondheim: Dronning Mauds Minnes Høgskole. DMMHs publikasjonsserie nr. 2/2004.
- Neergard, K. (2011). Mobbing i barnehagen. *Spesialpedagogikk 10/2011*, ss. 31-40.
- Olweus, D. (1992). *Mobbing i skolen - Hva vi vet og hav vi kan gjøre*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Roland, E. (2007). *Mobbingens psykologi - hva kan skolen gjøre?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Sandsleth, G. (2007). *Mobbing - Forstå, bekjempe og forebygge*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Utdanningsdirektoratet. (2012) *Barn sin trivsel – voksne sitt ansvar*. Hentet 20. april 2014 frå <http://www.udir.no/Barnehage/Stotterressurser/Trivsel/trivselsveileder/>
- Vlachou, M., Andreou, E., Botosglou, K. & Didaskalou, E. (2011) Bully/Victim Problems Among Preschool Children: a Review of Current Research Evidence. *Educ Psychol Rev*, 23, 329-358. DOI: 10.1007/s10648-011-9153.z

Intervjuguide

Personleg intervju:

1. Kan du fortelje meg litt om deg og barnehagen din?
2. Kva er mobbing mellom barn for deg? (eventuelt; kva kan du om mobbing?)
 - Kva gjer barna? (utestenging, bruk av stygge ord, slag osv)
 - Praksisforteljing; «jenta med rufsete hår» som støtte.
3. Har du opplevd mobbing mellom barn i barnehagen?
 - Har du dømer/praksisforteljingar?
4. Er mobbing eit tema de tar opp med personalgruppa og/eller barnegruppa?
 - Korleis førebyggjer de mobbing mellom barn i barnehagen?
5. Ser du forskjell i alder? (hyppigheit og type mobbing)
6. Kvar opplever du at dei har det ifrå? (media, foreldre, søsken...)
7. Kva gjer du: eit barn har bursdag. Barnet og foreldra vil dele ut invitasjonar i barnehagen. Dei vel å ikkje invitere alle (til dømes alle jentene eller gutane i sitt kull). Kva gjer de (tillet de dette)?
8. Har du opplevd at foreldre er bekymra for at barnet deira blir mobba?
 - Korleis håndterer de det? (Korleis ville du håndtert det?)
9. Kva gjer du når det skjer der og då?
 - Utestenging til dømes
10. Har du hatt om det gjennom utdanning eller kurs?
11. Er det noko meir du ønskjer å ta opp?